



## Melding om vedtak

Helse- og omsorgsdepartementet  
[postmottak@hod.dep.no](mailto:postmottak@hod.dep.no)

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh. – tlf.	Dato
	2014/440 - 8668/2014	Unni Rygg - 55097155	22.04.2014

### Høringsuttale - Endring i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester

Fjell kommune v/ komité for drift (KD) behandla høringa «*Endring i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester*» på møtet 08.04.2014, sak 21/14. Komiteen vedtok følgjande høringsuttale:

#### **Vedtak i Komité for drift - 08.04.2014:**

Komité for drift støtter Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag om endring i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester.

Med helsing

Unni Rygg (s)  
Saksbehandlar

Vedlegg: utvalsaksnr. 21/14



## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
21/14	Komit� for drift	08.04.14

### **H ring - Endring i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester.**

#### **Samandrag av saka:**

**Fjell kommune har motteke h ring fr  Helse- og omsorgsdepartementet vedkomande endring i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester. Departementet fremmar endringar i eigenandel ved langtidsopphald i kommunale helse- og omsorgsinstitusjonar. Endringane inneber at bebuarane p  langtidsopphald som f r dobbeltrom mot sin vilje skal f  redusert eigenandel. H ringsfristen er 16. mai.**

#### **Innstilling:**

Komite for drift st tter Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag om endring i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester.

Straume, den 28.03.2014

Steinar Nesse  
R dmann

Line Barmen  
Omsorgssjef

#### **Handsama i Komit  for drift - 08.04.2014:**

Innstillinga vart samr ystes vedteken.

#### **Vedtak i Komit  for drift - 08.04.2014:**

Komit  for drift st tter Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag om endring i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester.

## **Dokument vedlagt saka:**

Høyringsbrevet

## **Saksopplysningar:**

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår i høyringsbrevet å endra § 3 i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester slik at bebuarar som mot sin vilje får tilbod om dobbeltrom i kommunale institusjonar skal få redusert eigenandelen.

Det har lenge vært eit nasjonalt mål at alle som har langtidsopphald i sjukeheim skal ha tilbod om einerom. I St.meld. 50 (1996-97) handlingsplan for eldreomsorga var eit av hovudmåla at alle med langvarig opphald i institusjon og som ønska det, skulle få einerom. I forskrift om ei verdig eldreomsorg heiter det at tenestetilbodet skal leggja til rette for at eldre som bur på helseinstitusjon skal få tilbod om einerom.

I Fjell kommune er det pr. dags dato ingen som har langtidsopphald på dobbeltrom i helseinstitusjon mot sin vilje.

I Stortingets handsaming av statsbudsjettet for 2014 blei det vedteke at det skulle innførast redusert eigenbetaling for bebuarar som mot sin vilje bur på dobbeltrom ved langtidsopphald.

Departementet gjer framlegg om at forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester § 3 får følgjande tillegg med verkand frå 01. juli 2014:

«Beboere som mot sin vilje legges på dobbeltrom skal ved beregningen tilstås et fribeløp på kr. 35.000,-»

Departementet gjer framlegg om at Stortingets vedtak om redusert eigenbetaling vert implementert ved at fri beløpet for denne gruppa vert auka frå kr. 7250,- pr. år til kr. 35.000,- pr. år.

Når det gjeld kva som ligg i «mot sin vilje» legg departementet til grunn at med mindre bebuar eksplisitt har bedt om å få bu på dobbeltrom, skal denne reglen leggjast til grunn.

## **Vurdering:**

Endinga i forskrift er lite byråkratisk og gir alle same reduksjon i eigenbetaling, uavhengig av inntekt.

Rådmannen vurderer endringa som hensiktsmessig og støttar departementets forslag.